

TUR

20
17



Kvam Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



GENERELL TURINFORMASJON

Turane til Kvam turlag er opne for alle (men me ynskjer deg gjerne som medlem). Dei fleste turane er gjennomførbare for deg med normal form. Tempoet vil variera litt, fargekodar fortel ein del om kor krevjande turen er. Er du usikker—ring og spør turleiaren til råds. Du finn og meir utfyllande informasjon om turane på nettsidene våre. Nettsidene skal alltid ha siste informasjon om turar og aktivitetar. Ting kan endra seg så følg med på kvam.dnt.no.

Vanskegrad

Me angir høgdemeter og lengde i kilometer for alle turane, i tillegg nyttar me standardgraderinga under, der me og tek omsyn til andre forhold (tid, målgruppe og terreng).

Enkel	Dagsturar for alle i flatt lende
Middels	Dagstur/ettappe på inntil 15km i småkuppert terreng
Krevjande	Dagstur/etappar på inntil 25km i kuppert terreng ofte utan sti.
Ekstra krevjande	Dagstur/etappar på meir enn 25km, gjerne i ulendt terreng

Påmelding:

Turane som har påmelding må du nytta nettsidene til Kvam turlag for å melde deg på, men ta gjerne kontakt med turleiar i forkant om du lurar på noko. Nokre av turane betalar du og på nettet ved påmelding.

MEDLEMSKAP

Du bør bli medlem av Kvam turlag fordi du då får økonomiske fordelar ved deltaking på turar, ved overnattingar i hyttenettet til DNT, og du får eit bra friluftsmagasinet i posten. Og ikkje minst så er du med og støttar vårt arbeid med å gje flest mogeleg **naturopplevingar for livet**. Medlemskap teiknar du enklast via nettsidene våre kvam.dnt.no.

Meld deg inn! Kom deg ut!

FRIVILLIGE

Turlaget er basert på **frivillig innsats** og dugnad. Kanskje har du lyst å vera **turleiar**, merka ruter, gjera ein innsats på **Breidablik**, **Vending** eller **Kiellandbu**—gje oss ein lyd! **Me har alltid bruk for folk**, og kor mykje du vil gjera ut av det bestemmer du sjølv. **Du er hjarteleg velkomen!**

TURPROGRAM 2016

SUN. 5. FEB: KOM DEG UT-DAGEN  HØGDEMETER: 0/0—LENGDE: 0KM

Aktivitetsdag på Sjusete skianlegg for heile familien. Sjå annonsering dagane før.

Stad: Sjusete. Tid: 11-14. Gratis. Arrangør: Kvam turlag med hjelp frå Framnes vgs.

TYS. 7. MARS: POLARKVELD I HOLMATUN: HARDINGEKSPEDISJON I NANSEN SINE FOTEFAR 

Ein hardingEkspedisjon skal av garde i Fridtjof Nansen sine fotefar Bergen - Oslo 8. - 19. mars. 11 hardingar står klare til avreise og tek farvel med bygda. Her vert det formidla kva førebuingar som er gjort, kor ruta går, og ikkje minst om hardingen Nansen. Smaksprøvar av polarmat frå 1911.

Stad: Holmatun. Tid: 1900. Pris: 100,- . Arrangør: Hardanger Åtgau

LAU. 11. MARS: BT: SAUPOSIMUM  HØGDEMETER: 0/0—LENGDE: 0KM

Familiedag på Soldal, med tur, poesi og sau.

Stad: Soldal Tid: 13-1500. Arrangørar: Kvam turlag, Kvam mållag og Soldalssmale.

HELG 18-19. MARS BT: GULLHORGABU  HØGDEMETER: 300—LENGDE: 8KM

Gullhorgabu ligg lett tilgjengeleg ein dagsmarsj for korte bein frå Bergsdalen i Vaksdal. Hytta er verdt eit besøk i seg sjølv, og terrenget rundt er ypparleg å prøva seg på ski i, utanfor oppkøyrd løype. På hytta kosar me oss ute i snøen eller inne med aviser, blader, ludo og spill.

Påmelding innan 14.mars. Turleiar: Geir Morten Utskot, telef. 997 00 980

HELG 17-19. MARS: JENTEGOURMETTUR  HØGDEMETER: 2000—LENGDE: 37KM

Me startar i Kvingingen og går i nydeleg ettermiddagsljøs og skumring til Høgabu. Kjensla av å gå i den absolutte stilla i vintermørkret er majestetisk. Laurdagen fortset turen til overnatting på Vending. Etter mykje god mat i fantastisk natur susar det på heimveg søndagen, ned til Kvamskogen.

Påmelding innan 12.mars. Turleiar: Evy Kleivane, telef. 952 89 704

SUN 26. MARS: INGEBJØRGFJELLET  HØGDEMETER: 800 —LENGDE: 9KM

Forholdsvis lett toptur med fantastisk utstikt over indre delar av Hardangerfjorden.

Påmelding innan 24.mars. Turleiar: Peter Helland-Hansen, telef. 480 62 449

**HELG 1-2. APRIL: MED TELT
UNDER RAUNDALSRYGGEN** 

HM.: 1750 —LENGDE: 22KM

Raundalseggi er noko av det meir alpine fjellområdet i Hordaland.

Denne helga skal me verta betre kjend med to av toppane. Me overnattar i telt ved foten av fjella og nyt friluftslivet til fulle. *Påmelding*

innan 29.mars. Turleiar: Peter Helland-Hansen, telef. 480 62 449



Kvam turlag med Seldalsnuten bak vinteren 2016



Kvam turlag på Tørviknuten i 2016

16. APRIL: BAKKANOSI  HM:900—LN: 18KM

Bakkanosi ligg heilt på kanten av den flotte verdsarvlista Nærøyfjorden. Me vonar på påskeføre på påskemorgon opp Slettedalen. Om ver og føre er rett, returnerer me ned Noregs største half-pipe litt lengre nord, etter å ha nytt utsikta på toppen.

Påmelding innan 14.april. Turleiar:

Kjell Inge Tufte Tyssen, telef. 950 66 789

23. APRIL: FUGLAFJELL  HØGDEMETER: 1000 —LENGDE: 20KM

Kvam sitt høgste fjell. Me går vanleg veg frå Tokagjel til toppen og tek tilbaketuren om Kvitebekk.

Oppmøte Tokagjel, kl 1000 Turleiar: Oddbjørn Borge, telef. 906 26 315

30. APRIL: SKOLAPP—FOTASPERRNUTEN—GEITAFJELL  HØGDEMETER: 1500 —LENGDE: 20KM

Eit flott kindereggtur med tre toppar utan for mykje slit, berre nydeleg, variert kvammaterreng og fantastisk utsikt.

Oppmøte : Haldepl. i Nhs., kl 0830-Buss 0845. Turleiar: Evy Kleivane, telef. 952 89 704

7. MAI: FOLGEFONNA PÅ TVERS  HØGDEMETER: 400/1600—LENGDE: 14KM

Frå sommarskiseret i Jondal går me over nordfonna og tek oss ned til området i nærleiken av Måge ved Sørfjorden. Spektakulær tur over breen.

Påmelding innan 2.mai. Turleiar: John-Olav Måge, telef. 997 28 499

ONS. 10.MAR: BT: TUR TIL TITTERÅSTREET  HØGDEMETER: 100—LENGDE: 2KM

Kveldsmattur til Titteråstreet.

Oppmøte: Teigland, Soldal kl 1730. Turleiar: Ingunn H. Teigland , telef. 481 40 995

SUN 14. MAI: GRAVDALSHORGA  HØGDEMETER: 600 —LENGDE: 12KM

Gravdalshorga ligg nesten så langt sørvest i Kvam som du kan komma. Og fjellet husar også kanskje noregs rikaste kjende bestand av stor salamander og er derfor naturreservat.

Oppmøte: Gravdal kl 0900. Turleiar: Vidar Ask, telef. 415 63 635

SUN 21. MAI: KJEÅSEN OG VØRINGSFOSSEN  HØGDEMETER: 600—LENGDE: 7KM

Denne sundagen tek me for oss to av Eidfjord sine mest kjende attraksjonar. Me går frå fjorden og opp til garden Kjeåsen. Etter at det er unnagjort, reiser me vidare og går inn til foten av Vøringsfossen, som burde vera eit mektig syn på denne tida.

Påmelding innan 20.mai. Turleiar: Margunn Sande og Svein Rune Stakseng, telef. 922 83 087

SUN 24. MAI: MELSTVEITÅSEN  HØGDEMETER: 100—LENGDE: 4KM

Rundtur på kanten av Fyksesundet.

Oppmøte: Melstveit kl 1800. Turleiar: Sidsel Neteland Linga, telef. 970 81 802

SUN 28. MAI: BYRKJENES—



VESOLDO HM: 800 —LENGDE: 13KM

Ein av dei flottaste vegane å gå til Vesoldo, og ofte den ruta ein kan gå tidlegast om våren (utan ski). I flott sommarver får ein både den varme lia duftande av barskog, og fine skarv som er lette å gå på over ryggen til toppen. *Oppmøte: Bedehuset på Fosse kl. 1000. Turleiar: Elisabeth Fosse, telef. 938 53 303*



SUN 24. MAI: BARLINDFLATEN



HØGDEMETER: 150—LENGDE: 3KM

Tur til naturreservatet Barlindflaten vest for Ålvik.

Oppmøte: Sjukestova i Ålvik, 1800. Turleiar: Egil Mo, telef. 905 62 750

Mykje folk ved Røyndalsvatnet på grensa mellom Fusa og Kvam.

SUN 4. JUNI: NESSTEINEN



HØGDEMETER: 700 —LENGDE: 12 KM

Mange fekk med seg Nessteinen for eit par år sidan i samband med Kvam i kryss og krakje. Toppen byr på nydeleg utsikt over ytre delar av Hardangerfjord og fjella rundt. Vel verdt eit gjensyn.

Oppmøte: Velteplassen på Nes kl 1100. Turleiar: Kåre Nes, telef. 991 52 195

ONS 7. JUNI: SJØRAUSO



HØGDEMETER: 500—LENGDE: 9KM

Turen frå Perslå til Sjørauso byr på kulturlandskap, stolar og ein flott utsikt frå toppen.

Oppmøte: Perslå, kl 1800. Turleiar: Oddbjørn Borge, telef. 906 26 315

SUN 11. JUNI: GULLVOTNO—FROSNOTTEN—KJOSHELLA



HØGDEMETER: 700—LENGDE: 10KM

Stølstur langs kanten av Steinsdalen til Norheimsund, og ein tur oppom utsiktspunktet Frosnotten.

Oppmøte: Byrkjeland, 1000. Turleiar: Anne Engedal, telef. 416 92 185

ONS 14. JUNI: SMØRDALEN—HÅSETE



HØGDEMETER: 750—LENGDE: 6KM

Langs ny-gamle far frå Blekeld via Smørdaalen til Håsete

Oppmøte: Blekeld, 1800. Turleiar: Anna Mo-Bjørkelund, telef. 952 00 535

SUN 18. JUNI: HEDLER—TOPPEN—OSKARSBORG—DALEN



Hm.: 400/1000—LENGDE: 12KM

Langs kanten av Steinsdalen til Norheimsund.

Oppmøte: Vikedal, Ålvik 0900. Turleiar: Egil Mo, telef. 905 62 750

SUN 2. JULI: ORRAKSLA—DAURMÅLSEGGA



HØGDEMETER: 1000—LENGDE: 15KM

Me samlar oss i bilar og køyrer opp Grøningsvegen, går til Klepp og vidare til Storafjell.

Etter ein pause der me nyt utsikten, går me utover til Orraksla og Daurmålseggi. Ny pause og ny flott utsikt, så går me tilbake til Grøningsvegen.

Oppmøte: Parkering ved Strandebarm skule, kl 0900. Turl: Karen Mathiessen, telef. 991 05 470

SUN 8. JULI: HARDINGFEST: TRIPPEL

HØGDEMETER: 2000—LENGDE: 30KM

Turklassen til løpet som går over Manfjell, Skrott og Torefjell. Me startar frå Hovland og endar på Sjusete. Lang tur med mange høgdemeter—men me får betalt for strevet med framifrå utsikt frå toppane og på vegen imellom dei.

Påmelding innan 7.juli. Turleiar: Åsmund Kristiansen, telef. 91 74 68 11



God sikt på turlagsturen til Vassfjøro i august 2016

SUN 13. AUG: TVEITAKVITINGEN DOBBEL

HØGDEMETER: 1000/1300—LENGDE: 20KM

Tveitakvitingen har veldig mange vore på tur til om vinteren. Som turmål om sommaren er han mykje mindre besøkt. Me tek turen både frå Strandebarm og frå Kvamskogen denne dagen og møtast forhåpentlegvis på toppen.

Oppmøte: Furedalen, 0900. Turleiar: Marit Marøy, telef. 992 67 174

Oppmøte: Skyttarhuset, Strandebarm, 0800. Turleiar: Ivar Riise, telef. 977 57 628

HELG 10-13. AUG: JENTETUREN—SOGNEFJELLET

HØGDEMETER: XXX—LENGDE: XKM

Påmelding innan 7.juli. Turleiar: Evy Kleivane, telef. 952 89 704

SUN 20. AUG: HODNABERG—KIELLANDBU—BOTNEN

Hm.:350/900—LENGDE: 14KM

Bua på Løkjeldalsnuten ligg fantastisk til med utsikt ut Fykkesundet. Me går frå Hamlagrø/Hodnaberg, tek lunsjen i solveggen med utsikta, før me tek oss ned bratta til Flatabødalen, og ut til Botnen der båtskyss tek oss til Porsmyr.

Påmelding innan 15.august. Turleiar: Sidsel Neteland Linga, telef. 970 81 802

SUN 27. AUG: GJØNAKVITINGEN

HØGDEMETER: 1200—LENGDE: 11KM

Gjønakkvitingen ligg ypparleg til med utsikt både til fjord, kyst og fjell. Vetlebror til Tveitakkvitingen, men likevel ragar den 1200 meter over Gjøn i Fusa.

Påmelding innan 26.august. Turleiar: Geir Morten Utskot, telef. 997 00 980

HELG 26- 27. AUGUST: BT: VENDING

HØGDEMETER: 350—LENGDE: 8KM

Vending er lett tilgjengeleg sjølv for ganske små bein.

Påmelding innan 22.august. Turleiar: Ingunn H. Teigland, telef. 481 40 995

ONS 30. AUG: SKARSDEMMA

HØGDEMETER: 400—LENGDE: 6KM

Me samlar oss i bilar og køyrer opp Grøningsvegen, derifrå går me til Skarsdemma. Så legg me turen utover mot Klepp. Her går ein torvgarde som me vil sjå nærare på og fylgja eit stykke.

Oppmøte: Parkering ved Strandebarm skule, 1800. Turleiar: Karen Mathiessen, telef. 991 05 470

SUN 3. SEPT: SKROTT-

BREIDABLIK-KVANDALSEGGANE

Hm.:1000—LENGDE: 15 KM

Me besøkjer Kvam sin tredje høgaste topp, Skrott før me går ned til fantastiske Breidablik. Etter ein pause her går me ned spektakulære Kvandalseggene til Flatebotnane.

Oppmøte: Fetet, Fitjadalen, 1000.

Turl.: Knut Njaa, telef. 952 02 330



Ved Botnanuten på Kvamskogen hausten 2016

ONS 6. SEPT: GEITAFJELL I

MÅNESKIN

HØGDEMETER:600—LENGDE: 13KM

I det kvite ljuset frå månen får me ein eventyrleg kveldstur frå Sæleset til Geitafjell.

Oppmøte: Sælesete, 1800. Turleiar: Helene Leigland Njaa, telef. 971 61 080

HELG 8-10. SEPT: MED ÅRER OG FJELLSTØVLAR I HARDANGER

Hm: 900—LENGDE: 25KM

Me kombinerer roing i tradisjonelle trebåtar i fjordlandskapet med vandring i fjellet. Turen vil passa for dei som er vane med å gå i fjellet med sekk og tåler nokre timar bak årene.

Påmelding innan 6.september. Turleiar: Peter Helland-Hansen, telef. 480 62 449

HELG 9-10. SEPT: BT: TORFINNSHEIM

HØGDEMETER: 300 —LENGDE: 2 KM

Ein kort tur på under eit par timar for korte småtrollbein, sjølv om det er litt oppoverbakkar. Dette er valuta i flott natur og mange høgdemeter for lite strev. Det vert ei helg med mykje leik og turmoro.

Påmelding innan 6.september. Turleiar: Elisabeth Fosse, telef. 938 53 303

ONS 13. SEPT: BT: DALAMOT

HØGDEMETER: 100—LENGDE:2KM

Øystein og dei gode hjelparane frå friluftsliv på Framnes vgs. lagar ein fin kveldsmattur i Vikøy

Oppmøte: Sørheim, Vikøy, kl 1730. Turleiar: Øystein Mongstad, telef. 952 01 605

SUN 24. SEPT: OKSEN

HØGDEMETER:1000 —LENGDE: 9KM

Oksen ligg fantastisk til med utsikt inn eller ut fire fjordar. Me tek turen opp frå Tjoflot.

Påmelding innan 23.september. Turleiar: Geir Morten Utskot, telef. 99 7 00 980

ONS 4. OKT: BT: EVENTYRSTUND I SANDVENLIE

HØGDEMETER: 100—LENGDE:2KM

Me serverer bål, pølser og eventyr for dei minste i Sandvenlie.

Oppmøte: V/footballbanen, Norheimsund kl 1730. Turleiar: Astrid Holmefjord, telef. 93 60 78 71

Kvam Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



GRAFISK

Takk til sponsorane våre:

JAN MO A.S.
5610 ØYSTESE
TLF. 56 55 59 22



Sjusetevegen 27
5610 Øystese
Tel. 56 55 47 00



**HARDANGER
SKIFER AS**

HARDANGER Bil AS
Postboks 83 - 6604 ØYSTESE
Tlf. 56 56 56 06 - Tlf. 907 84 004



Kvam Rekneskapskontor AS
Avd. Fjord'n Rekneskapskontor



RILS AKSRES.CO AS
RØYRLEGGJARFORRETNING

GBS
ENTREPRENØR AS
www.gbs-entreprenor.no



Ta med
på turen!

Kvam Elektro AS

Øystese tlf. 56 55 00 00 • Fax. 56 55 00 01

expert  elfag 



Stetvold Rekneskap AS
Autorisert Rekneskapsbyrå

FARGERIKE

FARGERIKE NORHEIMSUND
Tlf: 56 55 17 33 Fax: 56 55 21 46

 SparebankenVest



Kvam Fruktlager P/L,
Sjusetev. 27, Øystese • Tel. 56 55 50 48



Torpe Møbelfabrikk AS
Vavollen 5, Øystese
Tel. 56 55 03 82

Mø sport 1/3

5600 Norheimsund • Tlf. 56 55 15 80

ØMV Bilsenter

BØ BOTNEN
ENTREPRENØR A.S.

Cubus

Norheimsund

Hardingsaumen 